



Notat

Til: Hovudutval for opplæring

Frå: Fylkesdirektør for opplæring

Høyring NOU 2019:3 Nye sjansar- betre læring(Stoltenbergutvalet)

Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet sende 6. februar ekspertgruppa sin rapport *NOU 2019:3 Nye sjansar – bedre læring. Kjønnforskjeller i skoleprestasjoner og utdanningsløp* ut på høyring.

Fylkesdirektøren for opplæring har invitert dei vidaregåande skulane, elevorganisasjonane, ungdomspolitisk utval og opplæringskontora til å gje innspel på høyringa. Det har kome inn eitt innspel frå Dale vidaregåande skule. Skulen sin uttale er teken inn som del av fylkesdirektøren sin uttale.

Rapporten bekreftar at det er tydelege forskjellar mellom kjønna på alle nivå i utdanningssystemet. Den viktigaste konklusjonen i utgreiinga er at vi framleis ikkje veit kva som er årsakene til ulikskapane mellom kjønna i skuleprestasjonar og utdanningsløp. Kunnskapsgrunnlaget er for svakt.

Nokre av ulikskapane som er nemnt:

- jenter har betre språkforståing allereie før dei byrjar på skulen
- ved avslutta grunnskule får jentene betre karakterar enn gutane i alle fag, unnateke kroppsøving
- nær 70 prosent av dei som får spesialundervisning i grunnskulen, er gutar
- kjønnforskjellen i grunnskulepoeng ligg mellom 4 og 5 poeng i snitt, og varierer lite frå år til år
- jentene gjer det betre enn gutane i vidaregåande skule
- fem år etter å ha starta i vidaregåande opplæring er det rundt 30 prosent av gutane og 20 prosent av jentene som ikkje har fullført vidaregåande opplæring

Fylkesdirektøren ser det som mest aktuelt for vidaregåande opplæring å gje uttale på punkt 8 og 9 som omhandlar innhaldet og organisering av grunnskulen og overgangane i opplæringsløpet.

Høyringsinnspel

Innhald og organisering av grunnskulen

Nye læreplanar:

Fylkesdirektøren for opplæring meiner at dei endringane og moglegheitene fagfornyninga representerer, både med tanke på dei tverrfaglege temaa og med omsyn til innhald og organisering i opplæringa, er gode. Fylkesdirektøren meiner det ligg eit stort handlingsrom i framlegga til kompetansemål og særleg ny overordna del gjev høve til å integrere sosiale og emosjonelle ferdigheiter i undervisningsfaga.

Rapporten peikar på tidleg og tilpassa innsats som avgjerande for at elevar skal lukkast i opplæringa. Gjennom vitenskapelig forskning og erfaringsbasert kunnskap må ein samle meir kompetanse om korleis gutar og jenter utviklar seg og lærer i tidleg alder, slik at ein kan tilpassa opplæringa til kognitive skilnader. Skulen må legge til rette for å ta imot og inkludere alle elevar. Her har skuleeigar og skulane eit kollektivt ansvar for å bruke kunnskapsgrunnlaget, setje i verk tiltak og utvikle gode kulturar for at så mange som mogleg opplever meistring og gjennomfører utdanninga si.

Erstatte faget utdanningsval med faget utdanningsval og livsmeistring.

Fylkesdirektøren for opplæring ser det som positivt at skulen samhandlar med andre yrkesgrupper i kommunane til beste for elevane si læring. Fagpersonar som t. d helsesjukepleiar har i dag fast samarbeid med skulane, men både struktur og ressurstilgang til denne tenesta bør styrkast ytterlegare. Eit forpliktande fleirfagleg samarbeid mellom systema rundt eleven er viktig for å at elevane skal ha gode psykososiale læringsmiljø. Fylkesdirektøren meiner at å endre namnet frå *utdanningsval* til *utdanningsval og livsmeistring* er viktig for å få endring av innhaldet i faget.

Føresetnaden for god læring og god psykisk helse er at lærar-elev-relasjonen er god. Skulane må legge til rette for at fleirfagleg kompetanse bidreg til gode tverrfaglege løysingar til beste for barn og unge.

Lovregulert samarbeid

Rapporten foreslår ei lovregulering om samarbeid på systemnivå for å oppnå betre, koordinerte tenester for utsette barn og unge under 24 år. Fylkesdirektøren støtter dette forslaget.

Arbeid på systemnivå for å utvikle god klasseleing og gode relasjonar mellom lærer og elev er viktig. Kompetanseutvikling for heile personalet for å få eit felles språk og ei felles tilnærming til å forstå kva som kan ligge bak elevane si åtferd og reaksjonsmønster, vil gjere det enklare å diskutere erfaringar og løysingar og gje elevane den tryggleiken dei treng. Eit løysingsorientert og konstruktiv profesjonsfellesskap til beste for eleven framfor å definere han som «vanskeleg».

Stoltenbergutvalget viser til kor viktig det er at alle barn - uavhengig av kjønn og sosial familiebakgrunn - får ein god start på skulegangen. Dette arbeidet bør heller ikkje avgrensast til skulesektoren, men til eit fleirfagleg samarbeid til beste for eleven. Ulike elevar treng ulike løysingar for å kome forbi hindringar.

Helsedirektoratet seier at mykje av folkehelsearbeidet i framtida skal skje gjennom utdanning. Grunnopplæringa vil derfor vere vesentleg i utviklinga av barn og unge si fysiske og psykiske helse. Ei god helse er vesentleg for enkeltmenneske sin livskvalitet og for den menneskelege kapitalen i samfunnet. Tilrettelegging og tidlig innsats for å gje ein helsefremjande oppvekst gjennom barnehage, grunnopplæring, utdanning er viktige grep i framtidas folkehelsearbeid.

Kommunen bør styre samarbeidet slik at det vert lagt til rette for ein helsefremjande oppvekst både når det gjeld læring og helserelevante forhold. Det føreset eit godt samarbeid rundt eleven og dei ulike partane i arbeidet.

Innføre krav om at skulane skal tilby minst fem valfag:

Fylkesdirektøren for opplæring støttar kravet om minst fem valfag, og ser det som svært positivt at ungdomsskulen kan prøve ut og tilby ulike valfag som er meir motiverande og praktisk retta for elevane. Fylkesdirektøren meiner at interessebaserte valfag kan auke motivasjonen til elevane, og at kunnskapen frå valfaga kan hjelpe elevane med å meistre dei teoretiske faga betre.

Overgangane i opplæringsløpet

Utforskande år etter grunnskulen

Fylkesdirektør for opplæring støttar eit tilbod om eit utforskande år etter grunnskulen for dei elevane som treng det. Dette året bør innehalde læring av sosial samhandling, styrkebasert opplæring for den einskilde ungdom og tett oppfølging av ungdomane slik at dei blir rusta til å gjennomføre eit vidaregåande opplæringsløp etterkvart. Vi viser også til rapport om [Kombinasjonsklasser](#) som ein fagleg suksess. Rapporten peiker på at ordninga gir minoritetsspråkleg ungdom i alderen 16-24 meir grunnskuleopplæring i den vidaregåande skulen. Mange av ungdomane i dette tiltaket treng ekstra tid til å gjennomføre, og ordninga har som mål å ruste elevane til å gjennomføre ordinær vidaregåande opplæring. Det er viktig å sjå desse to rapportane i samheng og at tiltaka i det utforskande året må gje dei auka motivasjon, og gradvis hjelpe dei til å meistre skulefaga. I tillegg er det viktig å legge til rette for at dei får god karriererettleiing.

Sogn og Fjordane har utvikla tilbod om kombinasjonsklasser i tett dialog med kommunane. Finansieringa er også eit økonomisk samarbeidsprosjekt der det er ei lik fordeling mellom kommunane og fylkeskommunen.

Opne opp for at inntaket går føre seg i kombinasjon med grunnskulepoeng og einskildkarakterar eller intervju og opptaksprøve

Fylkesdirektøren ser positivt på å prøve ut ei slik ordning

Utgreie ei ordning med nedre grense på 35 grunnskulepoeng for å kome inn på studiespesialiserande retning.

Fylkesdirektøren støttar ikkje dette forslaget, men meiner at eit utforskande år etter ungdomsskulen er eit meir føremålstenleg tiltak.

Lovfesta rett til læreplass etter vg2

Fylkesdirektøren støttar ikkje lovfesta rett til læreplass og viser til trepartssamarbeidet der bedriftene står for siste del av opplæringa og vel kva lærlingar/ lærekandidatar dei vel å tilsetje. Fylkesdirektøren vil likevel påpeike at ei god samhandling mellom næringsliv, fylkeskommune og Y-nemnd er viktig for samarbeidet og målsetjinga om ei god fag- og yrkesopplæring.

Auke den statlege satsen for lærlingtilskotet - fylkeskommunen fordele fritt mellom bransjar.

Fylkesdirektøren er positiv til å auke statleg tilskot, men ser fri fordeling mellom bransjar som problematisk. Ei slik fordeling av midlar mellom bransjar er ikkje ei betre løysing enn det vi har i dag. Dette vil forsterke usikkerhet for ein skilde ungdommar i overgangen heller enn å styrke han. Mange skular har eit tett samarbeid med næringslivet som tek imot elevar slik at dei får prøve ut ulike yrke og arbeidsoppgåver. Dei erfaringane vi har med elevar som er utplasserte i faget Yrkesfagleg fordjuping (YFF) viser at elevar som marknadsfører seg godt ofte skaffar seg læreplass i bedrifta. YFF-faget fungerer som ei prøvetid før dei går ut i lære etter vg2. Bedriftene seier også at YFF-faget er ein god rekrutteringsplass.

Fylkesdirektøren treng eigne midlar som kan nyttast mellom anna til bedrifter som tek inn lærlingar / lære kandidatlar som er utfordrande å formidle.

Senke aldersgrensa for prøvetid for lærlingar frå 21 til 18 år

Fylkesdirektøren støttar ikkje utvalet her.

Gje kommunane plikt til å vurdere lære kandidatordning for elevar med under 30 grunnskulepoeng.

Fylkesdirektøren støttar ikkje utvalet her

Fullført grunnkompetanse inn i statistikken for fullført vidaregåande opplæring

Fylkesdirektøren støttar utvalet her

Innføre kompetansekrav i karriererettleiing

Fylkesdirektøren støttar utvalet her

Andre forslag eller tiltak til vurdering

Fylkesdirektøren for opplæring ser det som positivt at det vert prøvd ut utradisjonelle val, kompenserte tiltak som t. d. KS sitt [Menn i helse](#). Rapporten viser at prosjektet både får fleire arbeidsledige menn ut i arbeid og begge kjønn vert meir representert i dette yrket. Fylkesdirektøren ser det kan vere til stor nytte å prøve ut fleire liknande tiltak innan andre yrke med ujamn fordeling av kjønn.